



*Fiskå med fjella i ryggen 1. juli.  
Området innbyr til å komponere  
si eiga rute i lettgått terreng.*

## Fiskå

Nord for Fiskå i Vanylven ligg 20 små og store fjellvatn. Frå *Sørbrandal*, *Hakallestranda* og *Sandnes* går bomvegar opp til hytter og turstiar. Rullestolar og barnevogner kan nyttast over fjellet frå Brandal til Sandvika på Hakallestranda.

### 1.34 Storebøra

Storebøra, høgste fjellet på halvøya, har ei bratt nordside mot *Børevatnet*. Ei merka rute går opp

frå Fjellvegen. **Lett.** Maks **1,5 t** frå **390 - 785 m**. Køyr Fjellvegen, bomveg opp til parkering. Følg skilt til Blåsenborg, like oppom er det skilta og godt raudmerka mot Storebøra. Stort sett tørr sti.

Frå *Brandalsosen*. Stigning frå 376-785 m. 8 km. Frå parkering ved Børevatnet på god sti vest for vatnet, etter kvart langs stranda, opp forbi ei hytte til ein haug før eit bratt parti i nordvestryggen på Storebøra. Nedturen kan du gjere mot aust over *Lisjebøra* og ned *Kvannskaret* til den flotte nyrestaurerte brua mellom *Kvannsdalsvatnet* og

*Børevatnet*. Siste 2 km er lett vandring over *Trollryggen* til parkeringa.

### 1.35 Vorakinna

Frå Vorakinna har du maks utsikt både mot Syvde og Fiskå. Enklaste ruta går frå Fjellvegen i Fiskå. **Lett** rute frå **390 - 643 m**. **1 t** opp, **5 km** tur-retur.

Start frå parkeringsplassen i enden av Fjellvegen. Raudmerka rute over Borgnyhaugen, nord for elvegjølet og langs ein fjellrygg til topps.

*Børevatnet - Sandnesetra* er ein lett overgang 4 km gjennom ope hytteområde. Frå 376-445-315 m, 1-2 t. Frå Brandalsosen over den flate Trollryggen, og nord for *Kvannsdalsvatnet*. God utsikt frå skaret før nedgang til Sandnesetra, som har bomveg frå rv 61 mellom *Eidså* og *Koparnes*.

*Tunheimshornet*, 260 m, er ein markert utsiktsås med lett tilkomst. Start frå andre gardstunet sør for bensinstasjonen på Tunheim, raudmerka sti.